

5 Då Jesus lyfte blikket og såg at det kom mykje folk til han, sa han til Filip: «Kvar skal vi kjøpa brød så alle desse kan få mat?»  
Evangeliet etter Johannes, 6. kapittel




### Til foreldre og føresette

Ved døypefonten lova kyrkja å stå saman med dykk i omsorga for å lære barnet dykkar opp i den trua som det vart døypt til. Saman skal vi støtte barnet slik at det kan leve og vekse i den kristne trua.

Dette året fyller barnet ditt 7 år og går i andre klasse, og vi inviterer til ei samling etter skuletid ute i dei ulike skulekrinsane. Vi har fått lov til å låne nokre jordlappar i nærleiken av skulane. Vi skal lage mat, ta opp potet og lære om Jesus. Det blir læring gjennom lek og aktivitet. Vi skal vere ute uansett ver, ta opp potet og lage mat på bålpanne, så borna treng uteklede eller regnkledde alt etter som veret er og som tåler litt jord..

Trusopplæringa som før skjedde på skulen, er no kyrkja sitt ansvar. Stortinget vedtok Trusopplæringsreforma i 2003 at medlemmar i Den norske Kyrkja har rett til eit visst antal timar trusopplæring i løpet av alderen 0-18 år. Ulstein sokn sin visjon er «Saman på ferda» og 7 års samlinga er ein viktig del av dei lange linene i trusopplæringa vår. Jesus løfta opp dei små borna og viste oss borna sin unike verdi. Dette vil vi formidle.

Velkomen!



STØRST AV ALT

[www.kyrkja.no/storstavalt](http://www.kyrkja.no/storstavalt)



DEN NORSKE KYRKJA

### Kontakt

Kontakt oss om de lurer på noko, eller om det er noko de tenkjer det er greitt at vi veit om. Når vi veit, kan vi leggje til rette for barnet ditt, så opplevinga blir god.

Trusopplærar Wendi Stråbø 95764607

Kyrkjekontoret / Sjøgata 61 / 6065 Ulsteinvik  
Tlf.: 70017680 / [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)

### Påmelding



På heimesida vår [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
klikk på kyrkjelydsarbeid og der finn du linken som du kan klikke deg inn på og melde deg

 Du finn oss på Facebook som Ulstein kyrkje



ULSTEIN KYRKJE  
Saman på ferda

TRUSOPPLÆRING

/ Nytt liv /



**Til deg som fyller 7 år i år og går i 2. klasse**

Det er haust og vi skal ta opp potetene. Vi skal forresten gjere andre ting og. Det er lov å bli med sjølv om du ikkje var med i vår!



ULSTEIN KYRKJE  
Saman på ferda



## Nytt liv

Jesus underviste folk ved å fortelje dei historier, slik ville han og vise folk kven Gud er. Jesus brukte ofte eksempel frå det vanlege livet som å plante og hauste. Han såg menneskene og korleis dei hadde det.

Vi har satt poteter og no skal vi hauste dei.

Difor inviterer vi deg til 3 samlingar:

1. Sette poteter, var i juni ( Skapt )
2. Hauste poteter før haustferien ( Nytt liv )  
Det blir spennande kva vi gjer i Ulsteinvik der vi ikkje har satt potet...;)
- 3 Feire hausttakkefest saman.  
( Søndag 2. oktober kl. 11 oppmøte kl.10:55 )

Saman skal vi finne ut meir om Gud som skapar liv og velsigner jorda.



## Kjære 2. klassing

Vi har planlagt mykje spennande og håper du vil like det. Vi skal leike og lære, lage mat på bålpanne og sjekke ut kva som skjedde då Jesus velsigna maten, ta opp potet og mykje anna.  
Velkomen til ei kjekke samling!

Vi gler oss til å sjå deg!

## Be ein av dei heime om hjelp til å melde deg på!



FØLG MED PÅ HEIMESIDA VÅR: [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
og Ulstein kyrkje på facebook.



## Kvar, når og henting

Vi hentar deg på skulen rett etter siste skuletime og går saman dit vi skal vere. Foreldra kan hente deg der på uteplassen vår kl. 17:00 etter samlinga.

Veldig viktig at foreldra dine melder i frå til skulefritidsordninga, slik at du får lov til å bli med oss:)

Om du skal gå heim sjølv når vi er ferdige, kan de krysse av på det på påmeldingsskjemaet om dette. ( eller sende sms)

**Hasund:** Måndag 26. sept. kl. 13:30 i hagen til Kersti Hasund, Sundgotvegen 70. Henting på skulen 13:15

**Ulstein:** Tysdag 27. sept. på garden til Ingunn Ulstein og Arne Sævik, Fløvegen 219. Henting på skulen kl.13:00

**Ulsteinvik:** Onsdag 28. sept. Henting på skulen 12:15

**Haddal:** torsdag 29. sept. kl.12:50 i hagen til Jorulf og Britt Myrene, Haddalvegen 51.

Det er fullt mogeleg å melde seg på i ein av dei andre krinsane! Men då må de ordne skyss sjølv.



ULSTEIN KYRKJE

Saman på ferda